



SAKSFRAMLEGG

Budsjett 2025 - Økonomiplan 2026-2028

Utval	Møtedato	Utvalsak
Administrasjonsutvalet	21.11.2024	6/24
Eldrerådet	19.11.2024	7/24
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2024	6/24
Arbeidsmiljøutval	26.11.2024	39/24
Formannskapet	21.11.2024	88/24
Kommunestyret	05.12.2024	

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør Laila Thorsen 13.11.2024.

Vedlegg

- 1 Budsjett 2025 - Økonomiplan 2026 - 2028
- 2 Detaljbudsjett 2025. Økonomiplan 2026 - 2028
- 3 Kommunale gebyr - Sjølvkost
- 4 Saksutskrift - Budsjett for kontrollarbeid 2025

Faktiske tilhøve

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg vert presentert for kommunestyret 07.11.2024.

Vedlagt budsjettsaka fylgjer alle budsjettdokument og tabellar i tråd med lovverk.

Dersom utvala ynskjer å gje innspel til formannskapet si ordinære handsaming, så må utvalet sjølv formulere vedtak om dette.

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak står sist i budsjettdokumentet. Dette vert ikkje teke

til realitetshandsaming før på formannskapet sitt møte 21.11.2024.

Etter møtet 21.11.2024 vert budsjett og økonomiplan lagt ut til offentleg ettersyn, før kommunestyret får det til endeleg handsaming 05.12.2024.

Vurdering:

Kommunedirektøren sitt budsjett for 2025 og økonomiplan 2026 til 2028 er lagt fram i balanse. Rammene for dokumentet bygger på gjeldande budsjett og økonomiplan (2024-2027) og framlegg til statsbudsjett for 2025 Prop.1S (2024-2025)
Det er budsjettert med 1 100 000,- i skjønnsmidlar i 2025 med likt beløp i økonomiplanen.

I tilleggspolisjonen for 2025 (Prop. 1 S Tillegg 1 fra KDD, Kap. 571, post 60) foreslo regjeringa ei auke i innbyggartilskotet til primærkommunane med kr 4,3 mrd. Dette er fordelt etter innbyggjarar per 01.07.2024 og utgjer kr 1 903 000,- for Kviteseid

I tillegg er det foreslått ei bevilging på kr 198,1 mill. kr for å rette opp ein feil i prop.1 S (2024-2025). Bevilginga gjeld heilårsverknad av auka etterspurnad etter barnehageplass som fylgje av reduksjon i stønadsperioden for kontantstøtte frå 1.8.2024. Beløpet er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Og utgjer kr 71 000,- for Kviteseid.

Desse beløpa er med i alle oppstillingane i vedlegget Budsjett 2025 – Økonomiplan 2026 - 2028

Kviteseid har redusert disposisjonsfondet frå 21,3 mill. Fordelt på kr 19,7 mill. fritt disposisjonsfond og kr 1,6 mill. fritt næringsfond (Sal av konsesjonskraft) per 31.12.2023 til kr 7,38. mill. i 2. budsjettrevisjon. Fordelt på kr 4,98 mill. fritt disposisjonsfond og kr 2,4 mill. fritt næringsfond (Sal av konsesjonskraft)

Nivå på disposisjonsfond ved utgangen av 2024 veit vi ikkje heilt sikkert før rekneskap for 2024 er ferdig.

Det er svært viktig at Kviteseid kommune legg opp til ei drift på utgifts og inntektssida som gjer eit driftsresultat på kort sikt slik at disposisjonsfondet når anbefalt nivå. For å få dette til må nettodriftsresultat som eit minimum vere på anbefalt nivå 1,75% men bør opp mot 3% skal disposisjonsfondet byggast til ein slik størelse at vi kan dekke premieavvik, rentesjokk og uføresette utgifter som kjem på gjennom året og i tillegg skape eit politisk handlingsrom.

Kommunedirektøren foreslår fleire kutt i rammene for dei ulike einingane. Desse er kommentert ytterlegare under eigne punkt vidare i vurderinga.

Budsjettet for 2025 er saldert med bruk av det ordinære disposisjonsfond med kr 1 543 390,- og kr 1 000 000,- frå inntekter frå sal av konsesjonskraft (fritt næringsfond) Dette har vore naudsynt for å få budsjettet i balanse utan at det vil gå ytterlegare utover tenestetilbodet.


Sjølvkostområda

I økonomiplanen legg ein til grunn 100 % sjølvkostdekning på drift og kapitalkostnader gjennom sjølvkostregimet. Frå 2024 til 2025 er det foreslått ei samla gebyrreduksjon på omlag -1,7 %, der feiing aukar mest i prosent med 90,3 %. Vatn reduserast mest med 25,4 %. I perioden 2023 til 2028 aukar samla gebyr med kr 3 055, frå kr 19 411 i 2023 til kr 22 465 i 2028. Dette svarar til ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 3,0 %.

Regjeringa har og foreslått og redusere mva på vatn og avlaup frå 25% til 15% frå 01.08.2025. Som vil redusere kostnadane til innbyggjarane med ytterlegare 10% for desse sjølvkostområda.

I gebyrseksempelet under er det for vatn og avløp basert på eit årleg vassforbruk på 150 kubikkmeter. Gebyrsatsane er ekskl. mva.

Årsgebyr ekskl. mva.



Gebyrendring frå året før	2025	2026	2027	2028	2029
Vann	-25,4 %	0,7 %	-0,5 %	5,4 %	3,4 %
Avløp	6,8 %	2,6 %	0,9 %	2,0 %	0,9 %
Renovasjon	13,4 %	3,2 %	2,3 %	-1,3 %	0,6 %
Slamtømming	17,0 %	17,2 %	10,3 %	7,1 %	2,3 %
Feiing	90,3 %	44,2 %	15,5 %	0,9 %	-9,2 %
Samla endring	-1,7 %	4,7 %	2,3 %	3,0 %	1,4 %

Straumkostnadar og inntekter knytt til straum

Kviteseid har dei seinare åra satsa på fleire tiltak for å redusere energiforbruket i dei kommunale bygga. Det er store forventingar knytt til prosjektet «drit i energi» der vi skal installere varmpumper som skal optimalisere avløpsvatn frå Kviteseid reinseanlegg til oppvarming av KOS, dette prosjektet er planlagt ferdig stilt i starten av 2025. Det er og i løpet av 2024 bytta til led belysning på KOS. Tiltaka på KOS er estimert til å ha ein nedgang i forbruk kwh på 20% frå 2024 til 2025. Ny barnehage i Brunkeberg er og eit prosjekt som har fleire tiltak som skal redusere energiforbruket i dei nye lokala. I 2025 foreslår kommunedirektøren å bytte til led belysning og legge solceller på fasaden til kommunehuset, noko som vil redusere straumkostnadane ytterlegare.

Kommunens kostnadar til straum i 2024 ser ut til å treffe bra med vedteke budsjett. Med bakgrunn i stor satsing på klimatiltak er det lagt til grunn ein reduksjon av kommunens straumkostnad til kr 3 900 000,- i 2025, som er ein reduksjon på kr 1 046 000,- frå budsjettet for 2024.

Av dei største inntektene Kviteseid kommune har knytt til straum, er utbytte frå Vest - Telemark kraftlag som vi eig 19% av, og sal av konsesjonskraft.

Utbytte frå Vest-Telemark kraftlag har ført til rekordinntekter for kommunen dei seinare åra. På eigarmøte tidlegare i oktober vart det presentert ei prognose for resultat for 2024 og ei framskrivning fram i tid. Det vart og presisert at det er lagt til grunn i ny eigarskapsmelding at utbytteandelen skal vere 60 % av resultat etter skatt over tid.

Vi har lagt til grunn prognose som vart presentert på eigarmøte for utbytte frå VTK i 2025 og økonomiplanen 2026 – 2028:

	Prognose etter 2. kvartal 2024. Utbytte 2025	Framskrivning resultat 2025. Utbytte 2026	Framskrivning resultat 2026. Utbytte 2027	Framskrivning resultat 2026. Utbytte 2028
Resultat etter skatt	63 866 436,00	50 400 000,00	61 300 000,00	63 500 000,00
Prognose utbytte Kviteseid	kr 7 280 000,00	kr 5 750 000,00	kr 6 990 000,00	kr 7 240 000,00

Kviteseid kommune har 11 226 mwh konsesjonskraft. Det er konsesjonskraftstyre i Telemark som har avtale om sal av kommunes konsesjonskraft. Kommunes inntekter på sal av konsesjonskraft er budsjettert etter prognose frå konsesjonskraftstyret i Telemark med kr 6,7 mill. i 2025, kr 6,38 mill. i 2026, kr 5,9 mill. i 2027 og kr 5,95 mill. i 2028.

Konsesjonskraftinntektene til Kviteseid kommune utgjør inntektene i det frie næringsfondet. Dette er inntekter som ikkje er bunde opp, det er kommunestyre som avgjer bruken av desse.

Ukraina

Flyktingtenesta er bygd opp i løpet av 2022/23 med 2.tilsette, på samla 1,4 årsverk. Frå 2025 er det budsjettert med ein reduksjon på 50% til 90% samla stilling.

Opplæring i norsk og samfunnsfag som høyrer til introduksjonsordninga har vi avtale med vaksenopplæringa i Seljord kommune. Tilskot knytt til dette vert overført Seljord kommune.

I budsjettet for 2025 legg ikkje kommunedirektøren opp til å ta i mot flyktingar i 2025. Men har budsjettert vidare i økonomiplanen at vi kan ta i mot 15 personar i 2026, 2027 og 2028. Bakgrunnen for at det ikkje vert lagt opp til at ein skal ta i mot flyktingar i 2025, er at det byrjar å bli svært vanskeleg å få tak i bustad til nye flyktingar samstundes er Flyktingtenesta liten og det er krevjande å integrere og finne arbeid til alle som kjem.

Soknerådet

Kviteseid sokneråd vedtok i sak 32.24 forslag til driftsbudsjett 2025 ei auke i det kommunale tilskotet på kr 128 000,- Dette er ei auke på 3,29 % frå 2024. Dette skal dekke auka løn og prisvekst. Auken er under berekna kommunal deflator som 4,1% for 2025.

Soknerådet har og gjort vedtak om å auke tilskot til diakoni med kr 45 500,- under føresetnad at det vert tilsvarande auke i tilskot frå Kviteseid kommune.

Bakgrunnen for ynskje om denne auken er at diakonen har ei stilling som i starten vart løna 50 % av Agder og Telemark bispedøme og 50 % av fellesråd og sokn i dei 5 Vest-Telemark-kommunane (Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid). Delen lokalt løna, har %-vis auka dei siste 10-åra, samstundes som kronebeløpet frå Bispedømet meir eller mindre har stått stille.

Dette tiltaket er med i foreslått tiltak i kommunedirektørens forslag over nye tiltak. Samla forslag tilskot til Kviteseid sokn vert difor foreslått til kr 173 500,-

Tilskot til investeringar for soknet har soknet spela inn at dei ikkje kjem i mål med planlagde investeringar for 2024. Opphavleg plan var:

1. gjere meir med blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje (Prosjektet starta i 2018)
2. lage til ei namna minnelund på det nyaste feltet på kyrkjegarden i Kviteseid
3. lage til eit prosjekt for rehabilitering av tak mm i Vrådal kyrkje.

Tilskot for 2024 er utbetala, det som ikkje er nytta må soknet sette av til investeringsfond for bruk i 2025 for å fullføre planlagde investeringar.

Soknet har vidare spela inn at eventuelle investeringar knytt til kyrkjebevaringsprogrammet vil dei kome attende til. For søknad i 2025, knytt til programmet er både riksantikvaren og kyrkjelege instansar representert. Tilskotet administrerast av eit eige utval, der Eksternt tilskot vil være på 50 %, resten må garanterast løyvd frå kommunen (lokal finansiering).

Kor stort beløp det er tale om, veit dei ikkje før vi dei har eit prosjekt med kalkylar. Når det er klar vil soknerådet koma attende til kommunen med søknad om lokal finansiering.

Eigedomsskatt

Kviteseid kommune har i dag eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett.

For å ivareta eit godt tenestetilbod til innbyggjarane, samstundes som vi er heilt avhengig av å ha eit positivt driftsresultat på kort sikt for å få på plass ei naudsynt auke på disposisjonsfondet, foreslår kommunedirektøren at det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2026, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2026, 2 promille i 2027 og 2028 og 7 promille for næringsseigedomar i heile perioden.

I berekninga er det med ein reduksjon på 30% og eit botnfrådrag på 200 000,- Estimert auka inntekt utgjer kr 3 588 000,- i 2026 og kr 6 426 000,- i 2027 og 2028.

Det er lagt inn ein kostnad på kr 3 mill. til innføring av eigedomsskatt knytt til taksering, oppdatering av programvare og juridisk bistand. Det er ikkje lykkast å dekke kostnaden innanfor driftsbudsjettet. Det er heller ikkje midlar nok til at ein kan dekke dette innanfor det ordinære disposisjonsfondet. Kommunedirektøren foreslår difor at ein nyttar inntekter frå sal av konsesjonskraft for å finansiere kostnaden knytt til taksering, oppdatering av programvare og juridisk bistand.

Dagsenter for psykisk helse og rus

Kommunedirektøren foreslår at dette tilbudet vert lagt ned frå 01.01.2025. Då dette ikkje er eit lovpålagt tilbud. Innsparing er berekna til kr 567 688,-

Dagsenteret inneheld fleire tilbud som vert nytta av omlag 30 brukarar. Tilbudet er sett saman av eit tilbud på dagsenteret, lunsjgruppe og ei bål gruppe som er eit lågterskeltilbod. Dagsenteret har i dag 70% stillingsressurs.

Kommunedirektøren vil arbeide for å kunne finne eit alternativt tilbud til brukarane innanfor rammene til psykisk helse og rus i løpet av 2025. Tilsette som jobbar ved dagsenteret vil få tilbud om jobb i einingar der det er vakante stillingar og rekrutteringsutfordringar.

Kviteseid Frivilligsentral og tilskot til utlån sentralen

Kommunestyre vedtok i budsjett for 2024 at det kommunale tilskotet til frivilligsentralen skulle fullfinansiere den lokale delen som skal vere minst 40% av dei totale driftsinntektene.

Det er ikkje kome eit eksakt beløp per frivilligsentral i statsbudsjettet. På spørsmål frå Telemarksforsking, vart det gjeve tilbakemelding frå departementet at det er foreslått å auka tilskotet med omlag 4% for 2025.

I 2025 fekk frivilligsentralen 480 000,- i tilskot frå staten. Det er difor konsekvensjustert at tilskot frå staten for 2025 vert 500 000,- Kommunalt tilskot er berekna til kr 333 000,- som er 40% av dei totale inntektene. Vedteke tilskot til utlån sentralen er vidareført med kr 180 000,-

Andre føreslåtte tiltak:

Kviteseid skule

Kviteseid skule har ikkje lykkast med vedteke innsparing frå opphavleg budsjett for 2024. Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til skulen med 1 544 000,- frå 2025 og vidare i økonomiplanen. Dette utgjør omlag 190 % stillingsressurs, og er lik det skulen hadde i starten av 2024.

Det vert og foreslått å redusere ramma med kr 114 000,- som er ressurs knytt til skulebiblioteket, ved bortfall av denne ressursen skal det sjåast på eit utvida samarbeid med Kviteseid folkebibliotek for å ivareta denne funksjonen for skulen.

Kommunedirektøren foreslår vidare at ein nyttar kr 50 000,- for å leige inn ekstern ressurs som skal hjelpe med ein gjennomgang og kartlegging av ressursbruken og behov for ressurs på skulen.

Det vart i budsjett for 2025 vedtatt at ein skulle ha skulemat på Kviteseid skule organisert av ordføraren. Kostnaden til dette var berekna til kr 150 000,- Dette er finansiert av inntekter frå sal av konsesjonskraft. Kommunedirektøren har med bakgrunn i den økonomiske situasjonen til kommunen ikkje funne rom til å vidareføre dette tiltaket.

Kulturskulen

Det er foreslått å redusere ramma til kulturskulen med kr 90 000,- Dette er kostandar knytt til kjøp frå andre kommunar som kulturskulen frå 2025 vil ivareta sjølv.

Politisk verksemd

Det er foreslått å nytte kr 1 000 000,- av inntektene frå sal av konsesjonskraftinntekter til generell saldering av drift i 2025. Dette kjem i tillegg til kr 1 000 000,- til subsidiering av egne straumkostnadar og kr 3 000 000,- kostnad knytt til taksering av eigedommar i 2025.

Kommunedirektøren

Kommunedirektøren foreslår å redusere eigen ramme med kr 150 000,- i 2025 som er kostnadar knytt til leiarutvikling og opplæring. Det er vidare foreslått ein vakanse i stillinga som personalsjef ut april, berekna til ein innsparing på kr 368 000,-

Sektorleiing Velferd

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til sektorleiing velferd med kr 85 000,-
Dette gjeld i hovudsak kostnadar knytt til kurs og reiseverksemd for tilsette innan eininga velferd.

Psykisk helse og rus

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til psykisk helse og rus med kr 232 000,-
Dette utgjer ei 30% stilling som er vakant, forslag er å take den heilt ut.

Eining for omsorg og meistring

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til eining for omsorg og meistring med kr 750 000,-
Dette er midlar som vart vedteken i budsjett 2024 og lagt på Kviteseid omsorgssenter.

Heimetenestene

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til heimetenestene med kr 720 000,- i 2025
Innsparinga er knytt til vakante stillingar og permisjonar der det ikkje vert leigd inn vikar.

Kjøken og vaskeri

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til kjøken og vaskeri med kr 130 000,- i 2025
Innsparinga er knytt til at ein ikkje skal leige inn vikar ved fråvær i 2025.

Teneste for funksjonshemma

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til teneste for funksjonshemma med kr 500 000,- i 2025.
Innsparinga er knytt til vakante stillingar og manglande rekruttering av fagkompetanse.

Samfunnsutvikling og teknisk drift

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til teneste for samfunnsutvikling og teknisk drift med kr 500 000,- i 2025.
Innsparinga er knytt til redusert vedlikehald av kommunale bygg.

Det vert vidare foreslått kr 75 000,- til nytt gjerde rundt Vrådal barnehage. Dette er eit tiltak som vart tatt inn etter tilsyn av barnehagane knytt til miljø retta helsevern. Då det vart avdekt at gjerde var for lågt slik at ungane kunne klatre over. Dette er eit tiltak som må på plass for at barnehagen skal bli godkjent.

Fast tilskot til kulturhuset Sundvang

Sundvang kulturhus har søkt kommunen om eit årleg tilskot på kr 150 000,- Søknaden er grunngjeven med at dei har høge driftskostnadar og lite inntekt, og at dei treng føreseieleg økonomi for å kunne oppretthalde drift av bygget.

Kommunedirektøren meiner at Sundvang er viktig for kulturlivet i Kviteseid. Å ha tilgjengeleg aktivitetshus med fasilitetar, der lag, organisasjonar og private personar kan leige og utøve sine aktivitetar, er avgjerande for liv i bygda.

Kommunedirektøren tilrår årleg støtte, men foreslår at det kjem fram i avtala med Sundvang at støtta skal sikre kommunens bruk og at kommunen betalar berre for reinhald.

Kommunedirektøren tilrår årleg støtte til Sundvang med kr 100 000,-

Icare – Apparat til å måle trykk i auger

Legekantoret har spela inn behov om å kjøpe inn Icare, som er eit apparat som måler trykk i auge, utan bedøving. Det avdukar grøn stær og førebyggjer blindheit. Ein av legane våre har god erfaring, og har behandla mange pasientar ved bruk av apparatet.

Apparatet kostar kr 60 000,- men vi kan taka eigenandel for å utføre testen på kr 131,- Dvs at vi kan tene inn kostnadane ved ca 500 konsultasjonar.

Kviteseid legekantor har mange eldre pasientar. Me veit at syn er noko som endrar seg med åra. Denne testen er også viktig å taka på kronikarar.

Kommunedirektøren foreslår innkjøp av apparatet då dette kan vere med å gje oss ein fin profil, det er eit apparat som ikkje alle har og det kan hjelpa oss å byggje omdøme for legekantoret og kommunen.

Innkome tiltak som ikkje er valt i kommunedirektøren forslag

Kviteseid omsorgssenter

På grunn av ei krevjande pasientgruppe er det frå eininga ynskje om å auke bemanninga på kveld og helg. Tiltaket er berekna og koste kr 1 414 000,-

Kvito – Tilskot til ny omn

Kvito har søkt Kviteseid kommune om tilskot til kjøp av ny omn ved deira lokale i Kviteseid berekna til kr 99 845,-

Søknaden er grunngjeve med at den gamle omnen ikkje fungerer lengre, dei har bytta den med ein frå Vinje. Den har no også blitt for gammal og er mogen for utbytting. Begge desse sender ut røyk/os i lokala.

Kvito - søknad om ekstra tilretteleggingsmidlar

Kvito har søkt Kviteseid kommune om ei ekstra stønad berekna til kr 530 000,- i året.

Søknaden er grunngjeve med at dei har fleire personar ved avdelinga i Kviteseid som krev meir oppfølging enn det som er berekna at kvar tiltretteleggjar skal klare.

Str8line Saas plattform - Digitaliserte løysingar for samhandling og kommunikasjon i byggeprosjekt

Dette er eit lokalt selskap som har fleire kommunar på kundelista si.

Teknisk eining er usikker på om dette er eit verktøy dei kan ha nytte av, då Kviteseid kommune sjeldan har så store prosjekt at dei ser kost/nytteverdi av produktet. På den andre sida vil det vere viktig for Str8line at kommunen dei er etablert i, er kunde hjå dei.

Kostnaden er 60 000,- per år.

Beskriving av løysinga (Frå Str8line eigen beskriving)

Str8line er en intuitiv Software as a Service (SaaS)-plattform for byggeprosjekt som forenkler dokumentasjon, kommunikasjon og beslutningsprosesser. Systemet fungerer som et prosjekthotell der partene kan dokumentere, dele og handle på informasjon knyttet til prosjektets utvikling. Str8line effektiviserer samhandling ved å strukturere saker og hendelser, og dermed redusere tiden som går med til å dokumentere og oppdatere skriftlige prosesser.

Foreslått tiltak på investering i 2025 og økonomiplan 2026 - 2028:

Oppgradering av kommunale vegar

Det er foreslått kr 2 500 000,- i 2025 og vidare i økonomiplanen.

Kommunedirektøren foreslår dette, då det er stort vedlikehaldsetterslep på veg og kommunale bruer.

Fasaden kommunehuset – solceller

Det er foreslått kr 1 500 000,- til fasaden av kommunehuset, i forslaget er det og inne solcellepanel som skal nyttas til å dekke delar av fasaden på kommunehuset.

Tiltak i økonomiplanen på kr 1 500 000,- knytt til energisparingstiltak er tatt ut for 2025 og tilført dette prosjektet.

Bytte ljøsarmatur til led belysning på kommunehuset

Det er foreslått og bytte ljøsarmatur til led belysning på kommunehuset i 2025, berekna til kr 1 000 000,-

Bystrand Kviteseid sentrum

I 2026 er det foreslått å nytte kr 1 750 000,- til ei bystrand i Kviteseid sentrum, dette er foreslått finansiert ved bruk av fritt næringsfond.

Inventar nytt bibliotek

Det er foreslått ei ramme på kr 150 000,- til inventar ved nytt bibliotek.

VTDS – Datasenter del 2

VTDS har spela inn eit ynskje til alle 6 medlemskommunane om vidare investering knytt til datasenter. Kviteseid sin del er berekna til kr 170 000,-

Gateljos eigenandel 40% av kostnaden i 2025 og 2026

Dette er ei vidareføring av prosjekt knytt til aksjon trygg skuleveg. Det er foreslått finansiering av Kommunen eigenandel som er 40% av kostnadane. Berekna til kr 500 000,- i 2025 og 2026
Vegane det er søkt om tiltak til er dei kommunale vegane som er rundt Kviteseid skule.

Energisparingstiltak KOS

Foreslått ramme for å ferdigstille prosjektet «drit i energi» i 2025. berekna til kr 1 000 000,-

Brunkeberg barnehage

Foreslått ramme for å ferdigstille prosjektet i 2025. berekna til kr 6 000 000,-

Beitepussar til Raymo

Fjernstyrt grasklyppar (Raymo) vart vedteken kjøpt inn i 2024. For å utnytte potensialet fullt ut, er det foreslått å kjøpe inn eige aggregat som gjer til at denne også kan nyttast som beitepussar. Kostnaden er berekna til kr 100 000,-

Kjøp av tomt i Vrådal sentrum

Det er foreslått å kjøpe eit areal på omlag 11. mål i Vrådal sentrum til utvikling av bustadtomter. Det er laga ei intensjonsavtale med grunneigar og kjøpesummen er berekna til kr 1 000 000,- i 2025. I 2026 er det foreslått at ein kjem i gang med reguleringsplan berekna til kr 300 000,-

Omsorgsbustadar / Tilrettelagte bustadar

Kommunedirektøren vidarefører delvis forslag om omsorgsbustadar i Kviteseid for 2025. Det vert foreslått ei ramme på kr 8 000 000,- Om investeringa stettar krava til investeringstilskot frå Husbanken, kan kommunen søke husbanken om investeringstilskot på 45% av godkjente anleggskostnader. Det vert foreslått å nytte tomt i feltet B8 ovanfor midtsundtunet og sette opp eit bygg med 4 bueiningar.

Om dette vert vedtatt vil Kommunedirektøren kome attende med fullstendig finansieringsplan med eventuelt tilskot og berekning på inntekter knytt til husleige i løpet av våren 2025.

Kommunedirektøren foreslår vidare ei investering på kr 6 000 000,- i 2026 til tilrettelagte bustadar i Morgedal, bustaden er foreslått plassert i det regulert bustadfeltet Vårstaulen.

I 2027 er det foreslått ei investering på kr 6 000 000,- til tilrettelagte bustadar i Vrådal. Bustaden er planlagt på ny tomt i sentrum og må kome etter at reguleringsplan er godkjent.

Energisparingstiltak

Prosjekt knytt til energisparingstiltak på kr 1 500 000,- er foreslått vidareført i 2026 og 2027.

Ny Traktor

Det er foreslått ny traktor til teknisk til kr 1 000 000,- dette har vore spela inn frå teknisk eininga tidlegare, sist vart det vedteke at ein skulle vente med denne investeringa til ein hadde eit elektrisk alternativ. Teknisk meiner at det ikkje er elektrisk alternativ å få tak i til den bruken dei nyttar den til. Og den gamle traktoren krev no så mykje vedlikehald at den byrjar og bli svært dyr.

Vrådal barnehage. Bad og stellerom

Det vert foreslått kr 200 000,- til nytt bad og stellerom. Dette er eit tiltak som vart tatt inn etter tilsyn av barnehagane knytt til miljøretta helsevern. Det vart avdekt at bad og stellerom ikkje stettar dei krav ein har til dette i ein barnehage. Dette er eit tiltak som må på plass for at barnehagen skal bli godkjent.

Heimesjukepleia. Elektroniske nykelboksar

Kommunedirektøren foreslår at det vert kjøpt inn elektroniske nykelboksar til heimesjukepleia berekna til kr 300 000,-

Husnyklane vert i dag oppbevarer samla i kontoret til heimesjukepleie. Dette vil effektivisere arbeidet, og bli sikrere for brukarrane.

Føreslåtte tiltak innan V/A

Saneringsplan Vrådal er foreslått vidareført i 2025 og vidare i økonomiplanen med kr 2 500 000,- . VA-arbeidet vil bli ein del av SVV sin bygging av ny GS-veg Stallane – Vrådal sentrum.

ENØK reinseanlegg Vrådal er foreslått med kr 1 000 000,- i 2025. Tiltaka ein vil vurdere er å optimalisere energiforbruket i prosessen og solcelleanlegg.

Høgdebasseng i Morgedal er foreslått med kr 2 000 000,- i 2025. Grunnen til tiltaket er at dagens basseng ikkje er større enn å klare maks 2 dagars driftstopp. Erfaringa frå desember 2023 er at ved ein større lekkasje klarar ein ikkje å produsere nok vatn til abonnentane. Tiltaket vil gje ein buffert på 4-5 dagars drift.

V/A Stålandsåsen er foreslått med kr 1 900 000,- i 2026 og kr 3 000 000,- i 2027 og 2028. Tiltaket vil gje grunnlag til å utvikle Stålandsåsen som eit nytt kommunalt bustadfelt

Saneringsplan Kviteseid er foreslått med kr 2 750 000,- i 2025 og vidare i økonomiplanen.

Kommunedirektøren foreslår å vidareføre innlån frå husbanken til startlån på kr 5 mill. kvart år i økonomiplanen.

Foreslått finansiering av tiltak på investering 2025:

Finansiering av prosjekta i 2025 foreslår kommunedirektøren eit låneopptak på kr 16 986 000,- kr 400 000,- sal av tomter, kr 10 500 000,- sal av kommunale bygg, kr 4 384 000,- i Momskompensasjon og kr 715 000,- overføring frå drift.

Kommunedirektøren sin tilråding:

1. Handlingsprogram og økonomiplan

Handlingsprogram for 2025 og økonomiplan 2026 - 2028, med vedlegg (taldel) skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

2. Sjølvkostområder

Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vann, avløp og feiing. Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

3. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i taldelen av budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.

4. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2025 vert vedteke slik det går fram av skjema bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt etter art - drift

5. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2025 i tråd med tabellane bevilgningsoversikt – Investering og detaljert oversyn investeringar med finansiering i budsjettframlegget.

6. Låneopptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på inntil 16 986 000,- i 2025 og startlån på kr 5 000 000,-

7. Eigedomsskatt

- For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
- Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
- Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
- For eigedomsskatteåret 2026 vert det skrive ut eigedomsskatt for eigedomar med sjølvstendige bustadeler og fritidsbustader, for skatteåret 2026 er 1.promille, jf. eigedomsskattelova § 12, bokstav a.

Administrasjonsutvalet si handsaming av sak 6/2024 i møtet den 21.11.2024

Handsaming i Administrasjonsutvalet 21.11.2024

Tarjei Draugedal (KRF) fremma følgjande endringsframlegg:

Budsjett blir tatt til vitande og realitetsbehandla i formannskapet 21.11. Innspel frå tillitsvalgte blir tatt med.

Endringsframlegget vart samrøystes vedtatt.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 21.11.2024

Budsjett blir tatt til vitande og realitetsbehandla i formannskapet 21.11. Innspel frå tillitsvalgte blir tatt med.

Eldrerådet si handsaming av sak 7/2024 i møtet den 19.11.2024

Handsaming i Eldrerådet 19.11.2024

Eldrerådet diskuterte seg fram til fylgjande innspel til budsjettet for 2025:

Eldrerådet oppmodar til at det vert ei lik handsaming av alle grendehus i kommunen ved særskilde søknadar.

Eldrerådet oppmodar kommunestyret og administrasjonen om å utarbeide eit opplegg for fleire plassar på KOS i samband med budsjett for 2026. Eldrerådet viser til kjøp av sjukeheims plassar i andre kommunar og overleggjarar på sjukehus. Fleire plassar på KOS vil bli positivt for pasientar, pårørende og truleg for økonomien til Kviteseid kommune

Desse punkta vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Eldrerådet 19.11.2024

Eldrerådet oppmodar til at det vert ei lik handsaming av alle grendehus i kommunen ved særskilde søknadar.

Eldrerådet oppmodar kommunestyret og administrasjonen om å utarbeide eit opplegg for fleire plassar på KOS i samband med budsjett for 2026. Eldrerådet viser til kjøp av sjukeheims plassar i andre kommunar og overleggjarar på sjukehus. Fleire plassar på KOS vil bli positivt for pasientar, pårørende og truleg for økonomien til Kviteseid kommune

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 6/2024 i møtet den 20.11.2024

Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2024

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne diskuterte seg fram til fylgjande innspel til budsjettet for 2025:

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at administrasjonen utarbeidar ei sak som ser på fleire alternativ til plassering og utforming av bade plass i sentrum før budsjettprosessen for 2026.
2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne føreset at Kviteseid kommune i sitt En-Øk arbeid syter for at det vert ventilasjon i dei bustadane som vert rehabilitert. På Lundenjordet må det koma på plass ventilasjon umiddelbart.
3. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret innarbeide tilskot til omn på KVITO, og at me kjem i møte søknaden frå KVITO om auka bemanning i samband med dei av våre brukarar som må ha meir enn 1-5 bemanning. Dersom dette ikkje vert imøtekome, ber rådet om at dagsenteret på eining til funksjonshemma vert styrka.

4. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret om å utvide rådet frå 4 til 5 medlemmer med ein representant frå ein brukarorganisasjon. Dette vil ha ein kostnad på om lag kr. 6.000. Rådet ber om at budsjettet for møtegodtgjersle vert auka med kr. 6.000.
5. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret om å gange gjennom bruk av bunde og ubunde næringsfond til ymse føremål som t.d. LVK, Norsk bane, profilering og KO med føremål om å melde seg ut.

Desse punkta vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2024

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at administrasjonen utarbeidar ei sak som ser på fleire alternativ til plassering og utforming av bade plass i sentrum før budsjettprosessen for 2026.
2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne føreset at Kviteseid kommune i sitt En-Øk arbeid syter for at det vert ventilasjon i dei bustadane som vert rehabilitert. På Lundenjordet må det koma på plass ventilasjon umiddelbart.
3. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret innarbeide tilskot til omn på KVITO, og at me kjem i møte søknaden frå KVITO om auka bemanning i samband med dei av våre brukarar som må ha meir enn 1-5 bemanning. Dersom dette ikkje vert imøtekome, ber rådet om at dagsenteret på eining til funksjonshemma vert styrka.
4. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret om å utvide rådet frå 4 til 5 medlemmer med ein representant frå ein brukarorganisasjon. Dette vil ha ein kostnad på om lag kr. 6.000. Rådet ber om at budsjettet for møtegodtgjersle vert auka med kr. 6.000.
5. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber kommunestyret om å gange gjennom bruk av bunde og ubunde næringsfond til ymse føremål som t.d. LVK, Norsk bane, profilering og KO med føremål om å melde seg ut.

Arbeidsmiljøutval si handsaming av sak 39/2024 i møtet den 26.11.2024

Handsaming i Arbeidsmiljøutval 26.11.2024

Vedtak i Arbeidsmiljøutval 26.11.2024

Formannskapet si handsaming av sak 88/2024 i møtet den 21.11.2024

Handsaming i Formannskapet 21.11.2024

Stian Hauge presentera SP/KRF sitt budsjettforslag

Valgte tiltak drift				
	2025	2026	2027	2028
Ikkje eigedomsskatt	-3 000 000	3 588 000	6 426 000	6 426 000
Auke i avdrag investering (40år og 68% anleggsmiddel/gjeld)		32 300	32 300	32 300
Auke i renter investering	42 000	78 000	73 000	72 000
Reduksjon ramme Kviteseid skule (Estimert på bakgrunn av 5/12 effekt av tiltak i 2025)	0	-2 250 000	-2 250 000	-2 250 000
Vikarbudsjettt Kviteseid skule (3%)	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Vikarbudsjettt KOS (3%)	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
3401 - Forsterka bemanning skjerma avdeling	-1 414 000	-1 414 000	-1 414 000	-1 414 000
3403 - Heimesjukepleie Innsparing 2026-2028, ikkje leige inn vikar ved fråvær		-720 000	-720 000	-720 000
3503 - Teneste for funksjonshemma. Redusert ramme		-500 000	-500 000	-500 000
1301 - Rammekutt Kommunedirektøren	-736 000	-1 104 000	-1 104 000	-1 104 000
2201 - Skulemat Kviteseid skule - Vedtak frå 2024	150 000	150 000	150 000	150 000
4307 - Årleg løyving til kulturhuset Sundvang	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
3206 - Dagsenter psykisk helse legges ned. Ikkje lovpålagt	567 688	567 688	567 688	567 688
5411 - Vrådal barnehage. Nytt gjerde	-75 000			
Valgte tiltak investeringar				
	2025	2026	2027	2028
Rehabilitering vernabygg Kviteseid brygge + VA	900 000			
Energieffektivisering 1. etg omsorgsboligar KOS - Lia	500 000			
Nytt gjerde og oppgradering uteområde Straumsnes barnehage	500 000			

Gunnar Ruud kom med eit tilleggforslag til SP/KRF sitt budsjettforslag. I tillegg fremma han eit redusera tiltak på investeringsbudsjettet.

TABELL - BUDSJETTENDRINGAR DRIFTSBUDSJETTET 2025-2028

Kviteseid Høgre

BUDSJETTENDRINGAR DRIFTSBUDSJETTET - SAMANLIKNA MED KOMMUNEDIR/POSISJONENS FRAMLEGG									
		Økonomiplanen år 2-4							
		Årsbudsjett 2025		2026		2027		2028	
		Auka utg./	Auka innt./	Auka utg./	Auka innt./	Auka utg./	Auka innt./	Auka utg./	Auka innt./
		red. innt.	red. utg.	red. innt.	red. utg.	red. innt.	red. utg.	red. innt.	red. utg.
1	Rammekutt Kviteseid skule, stillingsreduksjon		1.500.000		500.000		500.000		0
2	Rammekutt Brunkeberg Barnehage, stillingsreduksjon		300.000		300.000		300.000		300.000
3	Rammekutt dagsenter psykisk helse og rus, stillingsreduksjon		500.000		500.000		500.000		500.000
4	Rammekutt KOS, stillingsreduksjon		500.000		500.000		500.000		500.000
5	Rammekutt tenestekontoret, stillingsreduksjon		750.000		750.000		750.000		750.000
	Redusert bruk av næringsfond og overføring disposisjonsfond	3.550.000		2.550.000		2.550.000		2.050.000	
	SUM	3.550.000	3.550.000	2.550.000	2.550.000	2.550.000	2.550.000	2.050.000	2.050.000

Investeringsbudsjettet reduserast med 1,5 mill. - fasade/solceller kommunehuset

SP/KRF sitt forslag vart sett opp mot kommunedirektøren si tilråding. SP/KRF fekk fleirtal med fem mot to røyster (AP).

Tilleggforslaget til Gunnar Ruud vart sett opp mot SP/KRF sitt forslag. Tilleggforslaget fekk ei røyst (H) mot SP/KRF seks røyster.

H sitt forslag om å redusere investeringsbudsjettet med tiltaket fasade/solceller kommunehuset falt med to røyster (Gunnar Ruud, Tarjei Draugedal) mot fem røyster.

Vedtak i Formannskapet 21.11.2024

Valgte tiltak drift				
	2025	2026	2027	2028
Ikkje eigedomsskatt	-3 000 000	3 588 000	6 426 000	6 426 000
Auke i avdrag investering (40år og 68% anleggsmiddel/gjeld)		32 300	32 300	32 300
Auke i renter investering	42 000	78 000	73 000	72 000
Reduksjon ramme Kviteseid skule (Estimert på bakgrunn av 5/12 effekt av tiltak i 2025)	0	-2 250 000	-2 250 000	-2 250 000
Vikarbudsjettt Kviteseid skule (3%)	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Vikarbudsjettt KOS (3%)	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
3401 - Forsterka bemanning skjerma avdeling	-1 414 000	-1 414 000	-1 414 000	-1 414 000
3403 - Heimesjukepleie Innsparing 2026-2028, ikkje leige inn vikar ved frávær		-720 000	-720 000	-720 000
3503 - Teneste for funksjonshemma. Redusert ramme		-500 000	-500 000	-500 000
1301 - Rammekutt Kommunedirektøren	-736 000	-1 104 000	-1 104 000	-1 104 000
2201 - Skulemat Kviteseid skule - Vedtak frå 2024	150 000	150 000	150 000	150 000
4307 - Årleg løyving til kulturhuset Sundvang	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
3206 - Dagsenter psykisk helse legges ned. Ikkje lovpålagt	567 688	567 688	567 688	567 688
5411 - Vrådal barnehage. Nytt gjerde	-75 000			
Valgte tiltak investeringar				
	2025	2026	2027	2028
Rehabilitering vernabygg Kviteseid brygge + VA	900 000			
Energieffektivisering 1. etg omsorgsboligar KOS - Lia	500 000			
Nytt gjerde og oppgradering uteområde Straumsnes barnehage	500 000			

Finansiering av prosjekta i 2025 foreslår kommunedirektøren eit låneopptak på kr 18 886 000,- kr 400 000,- sal av tomter, kr 10 500 000,- sal av kommunale bygg, kr 4 384 000,- i Momskompensasjon og kr 715 000,- overføring frå drift.

1. Handlingsprogram og økonomiplan

Handlingsprogram for 2025 og økonomiplan 2026 - 2028, med vedlegg (taldel) skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

2. Sjølvkostområder

Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vann, avløp og feiing. Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

3. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i taldelen av budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.

4. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2025 vert vedteke slik det går fram av skjema bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt etter art - drift.

5. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2025 i tråd med tabellane bevilgningsoversikt – Investering og detaljert oversyn investeringar med finansiering i budsjettframlegget.

6. Låneopptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på inntil 18 886 000,- i 2025 og startlån på kr 5 000 000,-

7. Eigedomsskatt

- For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
- Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
- Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.